

# Hagerømlingar i Lærdal

Framande artar påverkar vår stadeigne natur både på land, i vassdrag og i sjøen.

Desse artane er innført av folk, og spreiring skjer anten direkte gjennom flytting, eller indirekte gjennom klimaendringar.

I denne artikkelen skal me sjå kva framande artar er og nokre av dei mest vanlege framande planteartane i kommunen.



## Kva er ein framandart?

Ein framand art er ein art som menneske, med eller utan vilje, har flytta og innført til område der den ikkje naturleg høyrer heime. Mange av desse artane er vakre og har blitt innført til bruk i hagar og parkanlegg. "Men den er jo så fin!" er ofte eit argument mot å fjerne til dømes lupin. Det er lett å gløyme at det nettopp fordi nokon synast den var fin at den er vart innført.

Andre artar har vore tilfeldige passasjerar i ballastvatn eller ballastmassar på skip. I Noreg har vi ei liste, *fremmedartslista* (tidlegare svartelista), der nærare 2500 artar er vurderte. Lista vert oppdatert om lag kvart femte år og er utarbeidd av Artsdatabanken. Siste versjon er frå 2023. Artsdatabanken vurderer artar som har kome til landet etter år 1800 og som reproduserer seg i norsk natur.

# Kategoriar-kor stor påverknad har den enkelte arten?


Økologisk effekt	4 Stor	Potensielt høy risiko PH	Høy risiko HI	Svært høy risiko SE	Svært høy risiko SE
	3 Middels	Lav risiko LO	Høy risiko HI	Høy risiko HI	Svært høy risiko SE
	2 Liten	Lav risiko LO	Lav risiko LO	Lav risiko LO	Høy risiko HI
	1 Ingen kjent	Ingen kjent risiko NK	Lav risiko LO	Lav risiko LO	Potensielt høy risiko PH
		1 Lite	2 Begrensa	3 Moderat	4 Stort
		Invasjonspotensial			

Vurdering av dei ulike artane vert gjort etter invasjonspotensial (kor stor evne arten har til å spreie seg) og økologisk effekt (kva konsekvensar arten har for stadeigne artar).


Som figuren viser, kan ein art bli kategorisert som låg eller med ukjend risiko. Det betyr at ein framand art ikkje nødvendigvis alltid har negativ konsekvens for naturmangfaldet.

Ein art som er innført før år 1800, blir ikkje vurdert som ein framand art. Årsaka til dette er at arten blir sett på som "ferdig naturalisert" og at den har nådd sitt potensiale for spreining og påverknad på stadeigen natur.

# Registreringar i Lærdal



Prikkane på kartet viser kor det er registrert framande artar. Fargen på prikken viser grad av risiko for påverknad av stadeigen natur



NB! Kartet vise alle framande artar, også dyr.

# Verstingane

Det er ein stor jobb som må gjerast for å redusere skadane framande artar gjer på naturen, både no og i framtida.

**Det viktigaste er å formidle kunnskap om dei ulike artane og hindre at dei vert flytta på eller spreier seg meir.**

Dette er også det mest kostnadseffektive.

Bileta til høgre viser artar som er fleire førekomstar av i Lærdal, høvevis [rynkerose](#), [rødhyll](#) og [platanlønn](#). Alle desse høyrer til SE-kategorien (svært høg risiko).

Det finnast mange fleire som du sjølv kan finne ved å navigere i kartet og framandartlista; greier du å finne [parkslirekne](#), [gyvel](#) eller [kanadagullris](#)? Desse er også blant verstingane.



## Påverknad frå framande artar

Framande artar påverkar naturmangfaldet på ulike vis. Nokre framande planteartar, som [lupin](#) og [gyvel](#), er nitrogenfikserande. Dette betyr at dei tek nitrogen frå lufta og fører det ned i røtene, noko som endrar jordsmonnet rundt plantane. Jordsmonnet blir då for næringsrikt for artar som blåklokke og prestekrage, som trivst best på skrin jord.

Andre artar, som [parkslirekne](#), [sitkagran](#) og [platanlønn](#), utkonkurrerer andre artar ved at dei kveler eller stenger lystilførselen for dei.



## Faktaboks: Kva er kva?

**Framand art:** Ein art som er innført av menneske etter år 1800.

**Ugras:** Ein vekst som er problematisk for landbruket eller hageeigarar. Desse kan vere både stadeigne, innført til landet før år 1800 (og per definisjon ikkje ein framand art), eller ein framand art innført etter 1800. Døme på stadeige ugras er høymole og geitrams, medan skvallerkål truleg vart innført frå Mellom-Europa i mellomalderen og dermed ikkje er rekna som ein framand art.

**Forbudslista:** Vedlegg 1 i [forskrift om framande organismar](#). Dette er ein oversikt over artar som er forbode å innføre, omsette og sette ut. Til dømes betyr dette at hagesentera ikkje har lov til å selje plantane på lista. Det er også forbode å dele og plante ut avleggjarar.

**Fremmedartslista:** Ei liste over artar som har blitt innført til landet etter år 1800, som omtalt i denne artikkelen.

**Svartelista:** Tidlegare namn på fremmedartslista.

Frå venstre: [Kanadagullris](#), [parkslirekne](#) og [sitkagran](#)

# Nedkjemping

Det er ulik framgangsmåte for nedkjemping av framande artar. Ein tommelfingeregel er å ikkje gå i gang før ein har ein god plan som ein veit vil fungere. I verste fall ender ein opp med å spreie planten eller bruke mykje tid å ressursar som går tapt pga av manglande oppfylging over tid. Be om råd i kommunen eller hjå statsforvaltaren om du er i tvil.

Parkslirekne er eit døme på ein art det er svært vanskeleg å bli kvitt. Kapping av plantedelane over bakken kan stimulere røtene til å skyte ut lange rotskot som kjem opp fleire meter frå "morplanten". Nye skot kjem fort tilbake etter nedkapping. Det er veldig viktig å lese seg opp på nedkjemping av denne arten før ein bestemmer seg for å prøve. **Det viktigaste er å hindre vidare spreining!**



Det er likevel nokre artar ein kan prøve seg på:

[Hemlokk](#) og [sitkagran](#) er lette å fjerne ved å dra opp småtre eller ved å sage nedanfor den nedste greina ved felling. For platanlønn er dette meir komplisert: Ved felling vil lønna, som mange andre lauvtre, kome med mange nye skot frå stammen, noko som gjer jobben vanskelegare, men ein kan ringbarke treet eller behandle stubben for å hindre attvekst.

Lupin kan fjernast ved oppgraving og luking av blomst før frøsetting. Det same gjeld [kanadagullris](#), [skogskjegg](#) og [fagerfredløs](#). Pakk i plast og lever til forbrenning (restavfall).

Bilete: [skogskjegg](#) til venstre og [fagerfredløs](#) til høgre.



# Korleis kan du bidra?

- ❑ Ikkje kast hageavfall i naturen. Pakk plantedelar i plasteskk og kast i restavfall eller lever på Simas.
- ❑ Ikkje gje vekk eller ta imot avleggarar som kan vere vere frå framande artar.
- ❑ Ver forsiktig ved gravearbeid og flytting av massar. Om det er framande artar i massane, er det ulovleg å flytte dei utan nødvendige tiltak. Ta kontakt med kommunen om du er usikker.
- ❑ Reingjer utstyr som har vore i kontakt med plantdelar eller jord med framande artar.
- Registrer framande artar i Artsdatabanken eller gjennom appen Artsorakelet slik at forvaltinga kan fylgje med på spreinga av dei ulike artane.
- Ta med hanskar og hagesaks på tur - klipp eller dra opp småplanter av hemlokk og sitkagran, eller plukk lupin. Pakk lupin i plast og kast i restavfallet. Små treplantar kan ligge att på bakken.
- Delta på eller arranger ryddedugnad.

## Vil du lese meir?

- [Sabima](#) har meir info om framande artar og andre ting som truar naturmangfaldet.
- [Framandartlista](#) (oppslagsverk)
- Handtering av [massar med framande artar](#)
- [Regjeringa sin tiltaksplan \(2020-2025\)](#)
- [Hagevettreglane](#) (Miljødirektoratet)

Alle foto er henta frå artsdatabanken.

Fotografar:

-Eli Fremstad

-Anne Elven

-Reidar Elven

-Oddvar Pedersen

-Hanne Hegre